



Den omstridte vegen ved Musland

Vegfloka i dalen er enno ikkje løyst, går det fram av eit brev som Møyfrid Kristoffersen har sendt kommunen. Ho tek utgangspunkt i vedlikehaldet av dei siste 900 metrane opp i dalen, Dei fyrste 7 kilometrane er fylkesveg og vert vedlikehalde på ein god måte. Dei siste 900 metrane er kommunal veg..

Møyfrid har oppmoda kommunen dei siste åra om at den skulle inngå ein felles brøyteavtale med fylket, noko som vart gjort frå og med foririge vinter. Men kommunen vil ikkje inngå ein felles strøingsavtale med fylket. Det har som resultat at strøbilen snur 900 meter før den når enden på den asfalterte vegen!

Det betyr at den delen som både er brattast, glattast og mest svingete ikkje blir strødd. Det er livsfarleg både å gå og køyre der. Møyfrid spør kommunen om det kan gjerast ei avtale om strøing.

Ho kjem også inn på vegen frå Friheim til Fjellandsbø som for ei veke sidan vart øydelagt rett overfor Friheim og enno ikkje er reparert. Det er heller ikkje sett opp skilt og det kan lett skje ei ulukke. Difor må dette ordnast straks.

Ein frå kommunen har sagt at dette no er privat veg, men Møyfrid spør korleis det kan ha skjedd når grunneigarane ikkje har høyrte om det.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen